

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 45	Utkommer hver måned	Juni 1934	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	5. årg.
--------	---------------------	-----------	--	---------

Aftenbønn.

I ditt navn, kjære Herre Jesus, legger jeg mig nu til hvile. Gi mig også tilslutt den evige hvile, så jeg kan sovne salig inn i dig og stå op igjen med glede og gå inn til den evige herlighet. Amen.

Bønnen.

Bønn er å knele ved korsets fot og legge sin byrde ned, bli rensset i Jesu dyre blod og få i sitt hjerte Guds fred.

Bønn er å trenge til Jesus inn, fornye med ham sin pakt, og få av hans hellige, rene sinn, på tross av all mørkets makt.

Bønn er å blive berørt av Guds ånd, la grenen fra stammen få satt, strekke mot Gud sin svake hånd, så vi i vår avmakt får kraft.

Bønn er å åpne sin fattige sjel for Gud og for lyset hans, så stråler av lysets evige veld i sjelen gjenspeiler dets glans.

Lesing av Guds ord.

Du kjenner frå barndomen av dei heilage skrifter.

2. Tim. 3, 15.

Lukkelege Timoteus, som apostelen kan seia dette um! Han kjende den heilage skrift like frå barneåri. Det var bestemor hans Lois og mori Eunike, baa truande kvinner, som hadde ført han til Bibelen.

Det er ei heilag gjerning å få dei unge til å lesa i Bibelen. Det er ein heilag vane kvar dag å lesa i den. Då eg var i Skotland som sjømannsprest vart eg so glad i den heilage skikken som svært mange hadde der burte: Kvar dag å lesa eit kapittel i Guds

ord. Der var dei som kunde vitna at dei hadde lese i Bibelen dagleg sidan dei lærde å lesa. Far og mor gjorde det sjøve og fekk borni til å gjera det same. No var det liksom gått dei i blodet.

Ein kunde seia: Dette å lesa i Bibelen soleis som ei fast regel, kunde ikkje det lett verta berre ein utvortes skikk? Til dette vil eg svara med ei forteljing: Det var ein mann som døydde, lukkeleg i trui på sin frelsar. Den Bibelen han let etter seg bar merke av å vera mykje brukt. På det reine bladet fremst i boki stod det skrive: »Eg las fyrst for syster mi skuld, seinare for innhaldet si skuld, tilsist for sjeli si skuld.« Han fekk boki av ei kjær syster som bad han so vakkert um å lesa i den, og so gjorde han det for hennar skuld. Seinare fekk han interesse for innhaldet, såg kor mykje verdfullt der var. Tilsist førde ordet han til syndserkjenning og tru på Kristus. Guds ord er mektigt til å frelse sjeler.

Kanhenda sume tenkjer, at dei har ikkje tid til dagleg bibellesing. Eg seier beint fram: Tak deg tid til det! Du kan um du verkeleg vil. Vi bruker det ofte som ei kjærkomi orsaking, dette at vi har det so travelt. Eg tenkjer nok vi kom like langt med arbeidet vårt, um vi las litt i Guds ord kvar dag, og so fekk vi meir velsigning til strevet vårt. Eller når ikkje skottlendarane like langt og lenger enn vi nordmenn, endå dei er so ihuga bibellesarar?

Men skal vi truande kristne få andre til å bruka den heilage skrift, so må vi sanneleg sjøve vera flittige bibellesarar, so vi kan gjeva eit godt tyredøme. Vi treng visseleg til å verta minte um det alle saman.

Takk, Herre vår Gud, fordi vi frå barndomen kjenner dei heilage skrifter. Hjelp

oss ved din Heilage Ande for Jesu skuld, at dei må gjera oss vise til frelse ved trui på Jesus Kristus. Herre, lat ditt ord vera ei kjelde til oppbyggjing, ein skatt for våre hjarto i liv og i død. Amen.

Efter »B. og H.«

Fra Claus Frimanns salmer.

Dig Herre, dig alene, dig store gode Gud,
dig vil jeg evig tjene og favne dine bud
med trofast kjærlighet.

Jeg vet du ei avlader
å være mig en fader
i tid og evighet.

Nei sjelehyrde! — nu fra dig
ei liv, ei død skal skille mig,
din evig skal jeg være.
Og det ditt blod som mig har løst
det vitner mig til evig trøst
at du og min skal være.

Jeg fra min Gud vil aldri vike
ham valgte jeg til trøst i nød.
Før klippen vek, før han skal svike
den tro som hviler i hans skjød.
Sank verden enn i luer ned
min sjel består i evighet.

Skje som du vil, du vil mitt beste,
din vilje, Gud, er faderlig.
På dig mitt øie skal sig feste,
til dig min sjel hengiver sig.
Ophøi, nedtrykk! Av sorg og gleder
du her min salighet bereder.

Bøker og blad.

Mange foreldre er overordentlig tankeløse og lettsindige med hensyn til hvad deres barn får lese. De holder aviser som ikke sjelden bringer artikler og nyheter av fordervelig innhold både religiøst og moralsk, men barna får lese dem. Og hvad slags bøker barna leser, det undersøker foreldrene sjelden, kanskje aldri. Om foreldrene ikke selv kjøper dårlige bøker, så får barna låne av andre, og hjemmet øver ingen kontroll. Foreldrene har ansvar her. De advarer sine barn mot annet ondt, passer dem for slikt som vilde skade deres legemlige helse. Da må de også optre veiledende og advarende overfor fordervelige bøker og blad som er gift for deres barns sjel. Der må selvfølgelig brukes forstand og ikke handles sneversynt. Det er overmåte megen lesning med almindelig »verdslig« innhold, som barn både kan og bør få lese. Hvis der finnes foreldre som bare vil at barna deres skal

ha religiøs lesning, så handler de uforstandig og til skade for barna.

Men en stor del av den såkalte »skjønlitteratur« og underholdningslitteratur er usund lesning. »Deres druer er giftige druer.« 5. Mos. 32, 32. Den moralske nedgang som det norske folk nu er i, skyldes ikke minst den slags litteratur som vi har vært plaget med nu i 40—50 år. Den har vært og er en ulykke for vårt folk, kanskje mer enn noget annet som har hjemsøkt vårt land i denne tid. Mange unge har ved denne litteratur tatt skade for hele livet. Den har nedbrutt deres sømmelighetsfølelse, svekket motstandskraften til å overvinne fristelsene til usedelighet. Den har gjort ekteskapet ringere i manges øine og fremmet utroskap og skilsmisse. Den har lagt hjem øde og befolket helvede. Her gjelder Jesu ord: »Det var bedre, at der var hengt en kvernsten om hans hals og han var senket i havets dyp.«

Hjemmene har ansvar for hvad barna får lese. Vi prøver å hindre at våre barn får kamerater som vi vet er moralsk fordervet. Men en råttne bok eller et uanstendig »magasin« er liksom farlig som en dårlig kamerat.

Jeg nevner tilslutt et par eksempler på frukten av dårlig lesning.

Jeg hørte en gang en i vårt folk meget høitstående mann fortelle følgende: »Jeg var i min ungdom en ordentlig gutt, men allikevel kunde jeg ofte delta i lettsindig og lettferdig samtale og nøt gjerne en slibrig historie. En av mine kamerater derimot var alltid blyg og tilbakeholden ovenfor den slags. Da kom jeg engang over en usedelig bok; det kan være det samme hvad det var for en. Jeg leste den og leverte den siden til min venn. »Det er en morsom og interessant bok,« sa jeg. Han leste den. Gud tilgi mig min store synd! Jeg kan aldri tilgi mig selv eller glemme det. Min venn fallt. Og han fallt dypere og dypere. Han blev et legemlig og åndelig vrak som døde i elendighet i en ung alder. Alltid anklager min samvittighet mig. Det var min skyld. Den skamløse boken ødela ham.«

En bekjent engelsk forfatter forteller: »For 25 år siden gav en av mine venner mig en bok med slibrige fortellinger og bilder.

Jeg skulde få ha den bare i 15 minutter, og hadde den heller ikke lenger. Men i hele mitt liv siden den stund har denne elendige bok vært min onde ånd. På mine kne har jeg bedt Gud om å slette ut av min erindring og tanke det inntrykk den gjorde på mig. Men jeg er bange for at jeg til min død må lide for de 15 minutter.»

Presten Funche så engang et bilde som gjorde et dypt inntrykk på ham. Det forestilte en ung pike som sat og leste i en bok. På hennes ansikt avspeiledes de tanker og følelser som rørte sig i hennes sjel. Men bak henne stod Djevelen og lo og gned sig i hendene: Nu hadde han henne! — Men billedets tittel var: »En usedelig bok«.

Efter prost Halvorsen.

Eit femtiårs minne.

I 1883 var det vel at presten Hansen hadde fyrste konfirmasjonsupplæring i Davik. Me hadde frett fyreåt at han skulde vera Grundtvigianar og skulemann, og me som gjekk og las for han det året, vart svært glade i han, men fekk og snart røynsle for at dovenskap og sluskeвори lekselæring var det uråd å sleppa fram med.

Um hausten tidleg me var samla til skule i stova hans Rasmus Hole, sa læraren, B. H. Thue, at den 10. november skulde det vera Luther-fest på tingstaden i Levdal, for då var det 400 år sidan Luther vart fødd. Alle skuleborn måtte prøva å vera med. Det vilde kosta 20 øre for kvar, men då fekk me mat og kaffi.

Den 10. november kom med tindrande blåklår luft, og i Dalefjóra samla me oss snart, born og ungdom. Me fekk på sjøen ein sekskjeipingsbåt og Anders Rasmussen Rimstad var forar. Me kom til Levdal i god tid. Det var som ein kyrkjedag. Folk stod langsmed naustveggjene i solskinet og stelte på klædi sine, medan andre var på veg upp til tunet, der gamle Hans i sitt blidaste lag tok imot presten, som kom med heile huslyden sin, klokkaren og andre lærarar. Av dei kan eg minnst B. Thue, Lars Eldevik, Tomas Holen og Ap. Rosenlund, som då nett var ferdig frå Stord lærarskule. Då so folket hadde samla seg, vart det sunge ein song, dikta av Johannes Rosenlund. Det var ein vekselsong millom born

og vaksne. So fekk me presten sitt foredrag. Han fortalde um foreldri til Luther, deira strevsame liv og strenge gudsfrykt og den harde refsing den vesle guten fekk for den minste feil. Den harde medferd i heimen og i skulen gjorde at han stødt gjekk i redsle for misfaring han kunde ha gjort seg skuldig i. Presten fortalde so levande um denne lidingssoaga. Det var spanande å fylgja med i det interessante foredraget: Um Luthers klosterliv, hans leiting etter fred, hans audmjuke strev for å finna sanningi, korleis han gjennom alt dette vaks til den andskjempa som han vart. Etter foredraget song festlyden med stor kjensle: »Vår Gud han er så fast en borg.«

Etterpå vart det mat å få. Prestefrua og Levdals-kvinnene stod for dette strevet, og det gjekk greidt frå handi. Der var vel ein 300 menneskje samla. Dette kan synast småtteri i vår tid med sine mange store stemner som varer i fleire dagar. Men me den gongen var varmt takksame mot presten og lærarane våre, som lærde oss å syngja um det me såg og levde i, um fugl og blom og tre, um far og mor og fredreland, um fjord og fjell og fagre bygder, so alt vart oss kjærte og vakkert.

No er mange av dei som var med den 10. november 1883 komne i sine graver, men mange lever og minnest med takksemd alle som stelte til denne festen, og gjorde det hugnadsamt for oss. Gud signe dei kvar og ein der dei er no.

Ein som var med.

Våre døde.

- 13. mai: Jorunn Hilmarsdr. Kjøllesdal, f. 1904, lungetuberkulose.
- 14. mai: Malene Rasmusdr. Endal; kårenkje, f. i Ervik 1864; hjarteskjukdom.
- 16. mai: Rasmus Larsson Rimstad, g. kårman; f. 1854; alderdom.

Dei var ein andepust som kverv og ikkje kjem att. Salme 78, 39.

Notisar.

Basasar: Maurstad og Rimstad kvinneforeining for sjømannsmisjonen 27. april kr. 185.07 netto + bøssepengar 100 kr., tils. 285.07. — I Endal 7. april til sjømannsmisjonen kr. 53.65. — I Aalfot 2. påskedag til indremisjonen 56 kr. — På Haus 10. mai til kyrkje i Kjøllesdal kr. 267.60. — I Rugsund 5. mai til sjukepleien kr. 105.07. — I Nordstrand 8. april til indremisjonen kr. 79.20.

Talet på konfirmanter er i år: 6 i Davik, 12 i Rugsund, 7 i Aalfot, 11 på Totland, 7 i Kjølisdal. Dessutan går 3 frå Berle i Bremangerpollen og 8 i Måløy. Hjelppepresten les med dei på Totland og i Kjølisdal.

Rimstad søndagsskule heldt årsfest 2. febr.

Ved ofring i Davik 7. mai, då pastor Seim heldt barnegudsteneste kom inn kr. 15.20. I Rugsund 8. mai kom inn kr. 26.02.

Til heidningmisjonen kom i 1933 inn i Davik soku kr. 816.58; i Rugsund soku 1164.81; i Aalfot soku 247.04; tils. 2228.43. Det er ein nedgang frå 1932 på ikring 450 kr. Det er ikkje bra. Vi må ikkje taka til å gjeva mindre til heidningmisjonen enn tidlegare, eller gjeva til andre misjonar det som vi fyrr har gjeve til det Norske misjonsselskap. Misjonsvenene burde atter lesa igjennom stykket i nr. 42 av Kirkebladet og so gjera etter det som der står.

Pastor Sverre Seim som reiser for søndagsskulen heldt i mai barnegudstenester i alle kyrkjene. Borni likar svært godt desse gudstenester, og møtte godt fram.

For 100 år sidan. Døde: 2. juni 1834 kårkone **Anna Rasmusdtr Berstad**, 52 år. — V i g d e: 22. juni: **Martines Førde**, son til Simon Andersen, 30 år, og **Else Levdalsbakke**, dotter til Jon Eliassen, 26 år. S. d. **Anders Simonsen Aarnæs**, Innvik, 56 år, enkjemann, og **Brite Humborstad**, dtr. til Elias Jensen, 27 år. S. d. **Ole Solibakke**, son til Jens Olsen, enkjemann, 62 år, og enkje **Brite Abrahamsdtr. Kjøde**, 46 år. S. d. **Peder Otteren**, son til Anders Pedersen, 30 år, og **Christiane Liden**, dtr. til Christen Abrahamsen, 24 år. S. d. **Christen Falkevik**, son til Peder Jørgensen, 26 år, og **Jørgine Remstad**, dtr. til Anders Rasmussen, 22 år.

Gudstenester og søndagspreiker.

3. sund. etter treein., 17. juni: Aalfot og Davik.
4. sund. etter treein., 24. juni: Totland og Berle.
5. sund. etter treein., 1. juli: Rugsund og Levdal.
6. sund. etter treein., 8. juli: Davik.
7. sund. etter treein., 15. juli: Aalfot og Kjølisdal

Kvittering for kontingent: Matias Bruvoll, Andreas Haus, Lars M. Endal, Peder O. Hatlegjerde, Anders E. Ervik, Marie Bakke, Hans Brunsvik, Josef Almenning 2 kr. — Unemnd, fru Hyldmo, R. Heggen, Jørgen Eldevik, Kristian Gjengedal, Johannes Falkevik 3 kr. — Dortea Rødhjelle, fru Anna Solheim, Olaf Totland, Kristen P. Leite, Oline Bøen, Torger Lykkebø 5 kr. — Lærar R. Førde 4 kr. — Lars I. Maurstad, Kristen P. Ravnefjell, H. H. Hamre 2.50. — Henrik Almenning, Rasmus R. Angelshaug 1.50.

Hjarteleg takk til alle.

Alvor.

Vi vet alle at døden kommer og etter døden dommen. Vi vet, og de fleste tror det også, at dommedag kommer. Og dog lever slekten så rolig som om der ingen dom skal

bli. De legger sig og står op. De er barn og blir unge. De blir menn og kvinner. De blir oldinger. De vet hvad der skal komme. Men de omvender sig ikke.

Ja, sier Herren, Menneskesønnens dager skal være som Noahs dager, som Lots dager — de spiste og drakk, de gav tilekte og de tok tilekte, inntil vannflommen kom og fortærte dem alle.

Og her er det dog hjelp for oss alle, alle! Om vi bare vil! Kristus er verdens frelser.

Der var i Jerusalem skjedd en svær ulykke. Tårnet ved Siloah var falt ned og hadde slått ihjel 18 mennesker. Da holdt Jesus selv en preken, og Lukas gjengir den i korthet slik: Tenker I at de var skyldige fremfor alle mennesker som bor i Jerusalem? Nei, sier jeg eder. Men dersom I ikke omvender eder, skal I alle omkomme.

(Innsendt. W. i »For f. og r.).

Vitnemål.

1. Den store svenske oppdagingsreisande **Sven Hedin** fortel frå ferdi si gjennom Taklamakan, øydemarki i Tibet, i april—mars 1895: Vi var døden nær av brennande tørste, mange av dyri våre var døde og sjølve kjende vi oss som dødslømde. Ofte hadde vi ikring oss sandfjell som var høgare enn kyrkjetårn. Ein kveld steig det opp regntunge skyer i vest, og vi fekk ny von. Himmelen vart myrkare og myrkare, og eg bad inderleg til Gud: »Herre, gjev oss berre nokre bytter vatn og berg dyri våre.« Men inkje regn kom. Tilslutt gjekk eg burt frå karavanen og skjängla framover ein 2½ kilometer for å leita etter vatn. Ein augneblink laut eg stansa, so utmasa var eg; då hørde eg ei villand fyka upp med ein plaskande ljud, og i neste stundi stod eg ved kanten av ei 20 meter lang tjørn med friskt, klårt vatn. I denne dimt lysande vatsfilata spegla seg liksom heile mitt komande liv, heile mi framtid. Utan dette vatnet hadde det vorte ute med meg, for eg fekk seinare vita, at både mot nord og sud var det lang veg til andre vatshol. Ei usynleg hand hadde ført meg beine vegen til dette livsens vatn, der eg no stod med takk til Gud, som eg i denne stundi kjende so nær.